



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	26.11.2012
Tid:	10:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 12/113	Referatsaker	
PS 12/114	Sentrumsutvikling - idekonkurransen om utvikling av sentrum	2012/328
PS 12/115	Budsjett 2013 - Økonomiplan 2013 - 2016	2012/498

Midsund, 21.11.2012

Einar Øien
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 12/113 Referatsaker



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2012/328-1
Arkiv: L05
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 03.07.2012

Saksframlegg

Sentrumsutvikling - idekonkurransen om utvikling av sentrum

Utvalsak	Utval	Møtedato
12/114	Formannskapet	26.11.2012
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Det vert utlyst avgrensa idekonkurransen for utvikling av Midsund sentrum.
2. Premissane for konkurransen går fram av vedlagt konkurranseprogram
3. Prosjektet får ei kostnadsramme på kr 490.000. Av dette ein kommunal del på kr 145.000. Vidare legg ein til grunn kr 245.000 (inntil 50 %) frå fylkeskommunen og kr 100.000 frå næringsforum/lokalt næringsliv.

Saksutgreiing:

I brev av 06.06.2012 stadfesta Fylkesmannen i Møre og Romsdal reguleringsplanen for Midsund sentrum. Med det kan ein starte på nytt kapittel i utviklinga av eit moderne sentrum. I reguleringsplanen er det bestemt kvar fylkesvegtraseen skal gå, vidare er det gjort andre avklaringar som gjer at ein med bakgrunn i planen kan starte planlegging og seinare planmessig utbygging i sentrum.

Litt historikk:

I 1997 laga Asplan Viak tettstadanalyse for Midsund sentrum. Denne skulle ligge til grunn for arbeidet med reguleringsplanen. Dei siste åra har det vore gjort diverse analyser m.a. i samarbeid med Midsund vekst og næringslivet. Det skotske firmaet Gillespies laga tidleg i 2008 eit notat ” An intergrated strategy for the future of Midsund”, i september 2008 søkte

kommunen m.a med bakgrunn i notatet frå Gillespies, om midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune. I brev av 30.12.2008 vart kommunen tildelt inntil kr 350.000,- Kapitalbehovet på kr 1.171.000 var tenkt dekt slik; Midsund næringslag kr 350.000, Midsund kommune kr 350.000, Innovasjon Norge kr 100.000 og tettstadsprogrammet, Møre og Romsdal fylkeskommune inntil kr 350.000.

Av kjende grunnar har arbeidet med reguleringsplanen tatt lang tid, og dette har gjort at kommunen har fått utsett vedståingsfristen frå fylkeskommunen.

Midsund Næringsforum fekk i tiltakssak 11/23, den 01.11.2011, tilsegn om kr 60.000 frå næringsfondet til støtte til utgreiing om arkitektutforming av området COOP – Romsdal Processing. Vedtaket vart gjort under føresetnad av at Fylkeskommunen og Midsund Næringsforum gikk inn med tilsvarende sum.

Dei siste åra har det vore lansert fleire idear og tankar om korleis sentrum kan utviklast. Fleire meir eller mindre konkrete planar ligg føre: Midsund Marina har planar for sørvisbygg, reguleringsplanen legg til rette for leilegheiter i området mellom tusenårsplassen og Midsund Marina og området rundt tusenårsplassen kan ha eit utviklingspotensiale. Vidare har kommunen behov for nye lokale for å erstatte dagens kommunehus. Eit bygg som er dårleg tilrettelagt for parkering, manglande tilrettelegging for funksjonshemma og som slit med dårleg inn klima. I sentrumsutvikling er det viktig at kommunen/det offentlege er tilgjengeleg og synleg. I tillegg har fleire næringslivsaktørar ytra behov for nye kontorfasilitetar.

Måndag 25. juni hadde Midsund Næringsforum og kommunen møte med Ingerd Husøy Høknes frå nærings- og regionalavdelinga i fylkeskommunen. Representanten for fylkeskommunen var av den meining at ein burde sjå på heile sentrumsområdet, dvs dei sjønære områda frå Romsdal Processing til og med Midsund marina. Dette for at ein kan få ein mest mogleg heilskapleg plan/utforming, og så kunne ein vie spesielt fokus på kjerneområdet, dvs området frå COOP – Romsdal Processing.

I møte vart to modellar presentert:

- A) Parallelloppdrag
- B) Utlysing av konkurranse

Ad.A Parallelloppdrag:

Dette er ei utgreiingsform, der fleire arkitektar samtidig kan utgreie same oppgåve. Dette er ingen konkurranse der det vert stilt krav til bedømming, ingen rangering vert gitt. Kvar deltakar vert honorert fullt ut og oppdragsgjevar kan plukke fritt frå forslaga og kombinere element frå dei ulike bidraga.

Ad B Utlysing av konkurranse:

Konkurranseform som skal føre fram til utarbeiding av konkrete løysingsforslag basert på eit konkurranseprogram. Forslaga vert vurdert av ein jury på bakgrunn av dei kriteria og krav som kjem fram i konkurranseprogrammet. Juryen kårar konkurransen sin vinnar. Det er to hovudtypar av arkitektkonkurransar: Idekonkurranse eller prosjektkonkurranse. I ein idekonkurranse er oppdragsgjevar interessert i å få gode idear, medan det i ei prosjektkonkurranse er siktemålet å tildele vinnaren eit seinare oppdrag om å vidareføre løysingsforslaget.

Alternativ B er slik rådmannen ser det mest aktuelt for oss. Hovudpoenget vårt er å få gode idear til korleis sentrum og spesielt sjøfronten skal bli sjåande ut. Det er av avgjerdande betydning at ein legg mykje arbeid i konkurranseprogrammet og gjennom det legg føringar for det vidare arbeidet.

Ein mogleg måte å gjere dette på kan vere:

Arkitektkonkurransen kan vere open eller avgrensa. I ein open konkurranse kan alle delta som fyller dei oppsette kvalifikasjonane. I ein avgrensa konkurranse vel ein ut eit tal på 3-6 deltakarar på bakgrunn av ein open invitasjon til å søkje om å delta (prekvalifikasjon).

I forkant må det lagast eit **konkurranseprogram** som nærare beskriv kva ein ønskjer. Premissane for konkurransen ligg i dette dokumentet.

Ein avgrensa konkurranse, kan gjerast slik; Kvar deltakar får kr 80.000 for oppdraget og ein premie til vinnaren på kr 130.000 i tillegg. Invitasjonen må leggjast ut på Doffin.

I ein slik konkurranse kan ein ha to juryar. Ein jury på td 3 personar som bestemmer kven som skal veljast ut og som skal vere med. Fylkeskommunen var tydleg på at ein måtte ha ein ekstern fagperson (arkitekt/landsskapsarkitekt) i denne juryen. I tillegg kan fylkeskommunen stille med ein representant og ein frå kommunen.

Dernest ein jury på t.d 6 personar som kårar vinnaren mellom dei som har vore med på konkurranse. Av desse 6 bør to vere fagfolk. Eitt forslag kan vere: 2 eksterne fagpersonar, 1 frå fylkeskommunen og 3 lokale representantar. Dei tre lokale representantane kan vere; ein frå næringsforum, ein frå politisk nivå og ein frå administrasjonen.

Tidsperspektiv:

- Kommunestyrevedtak i desember
- Utlegging på Doffin – 2 veker i januar. Utvelging av tre (3) deltakarar i slutten av januar. Arbeid med forslaga i februar/mars/april
- Kåring av vinnar i midten av mai

Kostnader:

I tillegg til kostnader knytta til dei som vert inviterte til konkurransen og premie, må ein gjere rekning med kostnader til reise og andre utgifter til eksterne jurymedlemmar.

Utarbeiding av idear 3x80.000 =	kr 240.000
Premie	kr 130.000
Diverse utgifter reiser/honorar	kr 120.000
Kostnadsramme	kr 490.000

Dette er kostnader som er direkte knytt til konkurransen. Utgifter til oppfølging i etterkant av konkurransen er ikkje stipulert i denne saka.

Finansiering:

Fylkeskommunen kan dekkje inntil 50 % av kostnadene.
Tilskot fylkeskommune kr 245.000

Tilskot næringsforum	kr 100.000
Tilskot frå kommunen	kr 145.000
Samla kostnadsramme	kr 490.000

Vurdering:

Det er viktig at ein får til ein planmessig og god utforming av sentrum. Bygda har alltid vore nært knytt til sjøen og det er viktig at ein får utnytta dei sjønære areala på ein god måte. Reguleringsplanen er stadfesta og gjennom det har ein teke fleire viktige val både med omsyn til vegtrasear og arealformål.

I konkurransen vil ein sjå på heile sentrumsområdet frå Midsund Marina til Romsdal Processing. Dette for at ein skal få ein mest mogleg heilskap og vidare vil ein ha det sterkaste fokuset på området frå COOP til Romsdal Processing.

Ved å invitere til avgrensa konkurranse vil vi få gode idear korleis dei sjønære sentrumsområda kan sjå ut. Med bakgrunn i desse ideane kan ein vidareutvikle og gjere sentrum meir attraktivt. Det er og viktig at ideane og planane vert realiserte. Kommunen treng nye fasilitetar for sentraladministrasjonen og det er viktig at kommunen er synleg og tilgjengeleg i sentrum.

Rådmannen vil peike på viktigheita at **ideane** og **forslaga** skal vere **realistiske** og **gjennomførbare** med utgangspunkt i dei økonomiske rammene vi har. Premissane for oppdraget vert definert gjennom konkurranseprogrammet.

Ved eit spleiselag med fylkeskommunen og lokalt næringsliv vil ein kunne få dette til innanfor akseptable økonomiske rammer.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Den kommunale delen kan finansierast ved bruk av næringsfondsmidlar. I tillegg vil det gå med ein del administrative ressursar til førebuing/tilrettelegging og gjennomføringa av konkurransen.

Ketil Ugelvik
rådmann

Vedlegg (prenta):

Konkurransegrunnlag – dette er eit utkast.

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2012/498-3
Arkiv: 150
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 13.11.2012

Saksframlegg

Budsjett 2013 - Økonomiplan 2013 - 2016

Utvalsak	Utval	Møtedato
	Eldrerådet	
	Ungdomsrådet	
	Kommunalt råd for funksjonshemma	
	Oppvekst- og kulturutval	
	Helse- og omsorgsutval	
12/112	Formannskapet	19.11.2012
12/115	Formannskapet	26.11.2012
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 19.11.2012

Utsendt på e-post til formannskapsmedlemene: Førebels skisse til budsjett

Utdelt i møtet: Kommentarer til budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016 frå einingsleiarane

- Ordførar Einar Øien (Frp) fremma følgjande forslag til investeringar i økonomiplanperioden 2013 – 2016 :

<i>"Nr.</i>	<i>Tekst</i>	<i>2013</i>	<i>2014</i>	<i>2015</i>	<i>2016</i>
150	<i>IKT Nye maskinprogramvare</i>	300			
192	<i>Otrøy kyrkje – nytt felt</i>	1.800			
194	<i>Nord-Heggdal kapell-nødutgang</i>	260			

200	<i>IKT Barnehagane</i>	150			
220	<i>IKT Midsund skule</i>	370			
230	<i>IKT Raknes skule</i>	100			
401	<i>Felles vedlikehald-bytte traktor</i>			600	
403	<i>Felles vedlikehald-biler</i>				400
410	<i>Kommunale bustadfelt</i>		800	800	800
422	<i>Midsund barnehage-inngjerding</i>		200		
425	<i>Helsesenteret-ombygging</i>				
	<i>Undersøk/dører</i>	350			
426	<i>Myratun</i>	11.100			
440	<i>Digitale kart</i>	300	160		100
450	<i>Brannvesenet – bil</i>		330		
471	<i>Kommunale veier-opprustning</i>	600			
472	<i>Veg- og parkering ved Nord-Heggdal</i>	2.300			
474	<i>Asfaltering av komm.vegar</i>	500	500	500	500
476	<i>Støttnesvegen til breivikvegen</i>		1.200		
477	<i>Tomt/grunn Midsund sentrum</i>	500			
478	<i>Fjellsenden parkering</i>	450			
479	<i>Gangveg Bøen</i>			500	
480	<i>Gangveg/veglys – Breivikvegen</i>	400			
481	<i>Gangveg ved Gjerdet barnehage</i>		800		
	<i>Skilting</i>	100			
428	<i>Aktivitetssenter</i>				
	<i>Legg til grunn at kommunen får til ein kjøpsavtale om Istadbygget, når leigeavtalen går ut.</i>				
490	<i>Kommunale kaier – Sundsbø går ut. Rådmannen legg fram sak om Beredskapsferje 1. kvartal 2013.</i>				

- Forslag fremma i møtet :

” Balansering av økonomiplana:

	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>
<i>Budsjettmessig ubalanse</i>	- 720 000	- 2 250 000	- 2 000 000
<i>Auke/forventa auke i skatt og ramme</i>	720 000	2 250 000	2 000 000”

- Ordførar Einar Øien (Frp) fremma følgjande forslag:

”

1. *Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016 i samsvar med framlegg frå formannskapet.*
2. *Budsjettet er bindande for drifta i kommunen.*
3. *Til finansiering av investeringar i 2013 tek Midsund kommune opp lån på 3 millionar kroner. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre låneopptak.”*

Votering:

- Kulepunkt 1. Forslag fremma i møtet av ordførar Einar Øien samrøystes vedteke
Kulepunkt 2. Forslag fremma i møtet samrøystes vedteke

Kulepunkt 3. Forslag fremma i møtet av ordførar Einar Øien samrøystes vedteke

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 19.11.2012

1. Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016 i samsvar med framlegg frå formannskapet.

Investeringar:

Nr.	Tekst	2013	2014	2015	2016
150	IKT Nye maskinprogramvare	300			
192	Otrøy kyrkje – nytt felt	1.800			
194	Nord-Heggdal kapell-nødutgang	260			
200	IKT Barnehagane	150			
220	IKT Midsund skule	370			
230	IKT Raknes skule	100			
401	Felles vedlikehald-bytte traktor			600	
403	Felles vedlikehald-biler				400
410	Kommunale bustadfelt		800	800	800
422	Midsund barnehage-inngjerding		200		
426	Helsesenteret-ombygging				
	Undersøk/dører	350			
426	Myratun	11.100			
440	Digitale kart	300	160		100
450	Brannvesenet – bil		330		
471	Kommunale veier-opprustning	600			
473	Veg- og parkering ved Nord-Heggdal	2.300			
474	Asfaltering av komm.vegar	500	500	500	500
476	Støttnesvegen til breivikvegen		1.200		
477	Tomt/grunn Midsund sentrum	500			
478	Fjellsenden parkering	450			
479	Gangveg Bøen			500	
480	Gangveg/veglys – Breivikvegen	400			
481	Gangveg ved Gjerdet barnehage		800		
	Skilting	100			
429	Aktivitetssenter				
	Legg til grunn at kommunen får til ein kjøpsavtale om Istadbygget, når leigeavtalen går ut.				
491	Kommunale kaier – Sundsbø går ut. Rådmannen legg fram sak om Beredskapsferje 1. kvartal 2013.				

Balansering av økonomiplana:

	2014	2015	2016
Budsjettmessig ubalanse	- 720 000	- 2 250 000	- 2 000 000
Auke/forventa auke i skatt og ramme	720 000	2 250 000	2 000 000

2. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen.
3. Til finansiering av investeringar i 2013 tek Midsund kommune opp lån på 3 millionar kroner. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre låneopptak.

Saksutgreiing:

Kommunestyret skal vedta budsjett etter innstilling frå formannskapet, jf kommunelova § 44 og § 45. Til grunn for denne innstillinga ligg rådmannen si skisse til budsjett for 2013 og økonomiplan for 2013 –2016.

Rådmannen legg fram forslag til årsbudsjett for 2013 i balanse. Økonomiplanen er ikkje i balanse og syner eit underskot på 0.7 million kroner i 2014, 2.2 millionar kroner i 2015 og 2 millionar kroner i 2016.

Budsjettet er stramt. Budsjettprosessen starta i august der det vart fremma ei sak til politisk behandling der kommunen sine utfordringar dei komande 4 åra vart drøfta. I september fekk einingsleiarane og andre premissleverandørar til budsjettet, beskjed om å lage budsjettframlegg basert på framskrivning av 2012-nivået. Etter at statsbudsjettet vart framlagt og ein gjennom det fekk avklara kva ein skulle leggje inn i pris- og lønnsvekst, har ein gått to rundar med kutt/reduksjonar.

Formannskap og dei to hovudutvala har hatt fleire arbeidsmøte saman med administrasjonen. I år har ein og hatt eige møte der investeringssida har vore via tid.

Inntektene held ikkje tritt med utgiftene. Kommunen har etter måten høg lånegjeld. I haust kom vi ut av Robek-lista, men rådmannen vil på det **sterkaste** åtvare mot å slakke på taumane. Sjølv om vi no har kvitta oss med tidlegare års underskot, har vi ikkje driftsfond til å møte uføresette utfordringar med. Det meste av dei udisponerte midlane inneverande år er brukt – har ein rest på vel 100.000 kroner pr. dato.

Vi må framleis setje tæring etter næring.

Rådmannen legg til grunn at det minst skal avsetjast 2 million kroner til uføresette utgifter kvart år i planperioden, jf forpliktande plan. Vidare legg ein til grunn at finansutgiftene skal aukast, avdragstida på låna våre er altfor høg.

Utover i planperioden er det ikkje rom for større investeringar.

Arbeidet med å effektuere og setje tiltaka ut i livet vil krevje mykje av heile organisasjonen. Stikkord vil vere; fleksibilitet og nytenking. Alle nye tiltak må nøye vurderast og økonomiske konsekvensar av nye tiltak må tilleggjast spesiell vekt. Ein må fokusere på økonomisk rapportering og styring – både administrativt og i forhold til politisk nivå. Budsjettkontrollen kan bli betre på enkelte område.

Budsjettet er skjørt og det vil bli krevjande å gjennomføre mange av tiltaka.

Framlegget til økonomiplan syner at situasjonen ikkje betrar seg utover i perioden. Vala vi står overfor er; ytterlegare effektivisering av drifta eller auka inntekter (eige-domsskatt).

Vurdering:

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: